



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/2787 - 19/30687

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
16.10.2019

Førebels svar på søknad om tilbygg til næringsbygg - gbnr 196/49 Midtgård

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 196/49
Tiltakshavar: Helge Rongved
Ansvarleg søker: Kålås Bygg AS

Vi stadfestar å ha motteke dykker søker 07.10.2019 og saka har saksnummer 19/2787.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter.
Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søkeren ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søkeren vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søkeren krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søker om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan.	12 veker



Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	
<p>Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.</p> <p>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p> <p>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p>	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
<p>Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.</p> <p>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.</p>	3 veker
<p>Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.</p> <p>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.</p>	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helge Rongved

Kleivdalsvegen 18 5915

HJELMÅS

A

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG